



› Overordna mål og satsingar

Overordna mål

Dei overordna måla til Giske kommune blir gitt i kommuneplanens samfunnsdel. Det vert arbeidd etter Samfunnsplanen for åra 2014-26. Den legg til grunn at Giske skal vere ei samspelkommune. I samspelkommunen ligg at eige ansvar, frivillig innsats og profesjonelle tenester spelar på lag på nye og kreative måtar. Dette er viktig i dag og i framtida, og særleg når ein ser korleis demografien i kommunen vil utvikle seg i same periode.

Satsingsområda som er valt for perioden er følgande:

- Vere ein god plass å bu - der alle vil bu
- Ha gode levekår
- Vere ein god næringskommune
- Ha eit rikt kulturliv

Satsingar

Basert på satsingsområda i samfunnsplanen har kommunen i 2022 arbeidd med følgande hovedområde:

- Sikre god økonomisk styring og kontroll, og endre tenestetilbodet i tråd med samfunnsutviklinga. Giske kom ut av ROBEK i april 2022. Skal kommunen få ein berekraftig økonomi må den fortsette med endring og tiltak for å ta ned drifta. Omstillingsarbeidet som er set i gang i pleie og omsorgstenestene er ein kritisk suksessfaktor for å oppnå ei berekraftig økonomisk utvikling og møte framtidas utfordringar med vekst i helse og omsorgstenestene.
- Omstillingsprogrammet «Tenesteutvikling gjennom digitalisering og bruk av ny teknologi»: fokus i 2022 har vore å ta i bruk eksisterande verkøy og arbeide med arbeidsprosessar knytt til dette. Nettbaserte løysingar for intern kommunikasjon og informasjon må vidareutviklast, overgang til digitale timelister, digital besøksregistrering i bygga, og ikkje minst forbetra digital søknadsprosess knytt til byggesak.
- samhandle slik at det blir levert tenester til flest mogleg i samspel med innbygarane, dei frivillige og dei tilsette.
- samhandle med næringslivet, og legge til rette for vidare vekst, utvikling og nye næringar.
- samarbeide med nabokommunane våre, særleg Ålesund kommune og Sula kommune for å bygge ein sterk region.
- ha fokus på og vere pådrivar til vidareutvikling i bruk av digitale verkøy for å møte den veksten som kjem blant anna knytt til eldrebølgja.
- arbeide for FN's berekraftsmål for å ivareta miljøet, bruke mindre, gjenbruke, og ha eit spesielt fokus på havet og søppel i havet.
- ferdigstille marine grunnkart saman med nabokommunane og ta det i bruk i hamneutvikling og i planlegging av sjøområda.
- endre organisering og struktur ut ifrå samfunnsutviklinga.

- bidra til felles utvikling av Ålesundsregionen gjennom viktige samspelsprosjekt som Smart-by, Plan for klima, areal og transport (PAKT) og handlingsplan for førebygging av vold og seksuelle overgrep.

Hovudmål 1: Giske kommune skal vere ein god plass å bu

| 6aup3jakT202 | Mål | Forventa resultat | Når | Økonomisk ramme | Status 2022 |
|-------------------------|---|--|--|---|--|
| | Tilrettelegge for bustadutvikling | Reguleringsplanar blir behandla innan frist | I planperioden | Innanfor budsjett | I planperioden. |
| | | Byggesaker vert behandla innan frist | Fortløpande | innafor budsjett | Fortløpande |
| Kommuneplan-samfunnsdel | Utvikle infrastruktur i tråd med bustadutviklinga | Kommunal utbygging | Ikkje prioritert i denne planperioden på grunn av den økonomiske situasjonen | Krev investering | Ikkje prioritert i denne planperioden på grunn av den økonomiske situasjonen |
| | | Privat utbygging gjennom bruk av utbyggingsavtale med kommunen | I planperioden | Auka kostnader til drift og vedlikehald etter utbygging | I planperioden |
| Rullering samfunnsdel | Oppdatere samfunnsplanen for neste planperiode. | Fullføre rullering av samfunnsdel | 2022 - 23 | Innanfor budsjett | Til godkjenning april 2023 |
| Rullering arealdel | Oppdatere arealdelen for neste planperiode. | Vurdere rullering av arealdelen i 2022 - 2023 | 2023 | Innanfor budsjett | Oppstart arbeid i 2023 |

Hovudmål 2: Giske kommune skal ha gode levekår

| Plan/Vedtak | Mål | Forventa resultat | Når | Økonomisk ramme | Status 2022 |
|-------------|---|---|---|---------------------------------------|--|
| Kommuneplan | Definere kva tenester kommunen skal tilby og nivået på desse | Reduserte kostnader | 2022 | Innanfor budsjett | Leanprosjekt Pleie og omsorgstenester i takt med framtida. Strategi bu- og tenestetilbod helse og omsorg 2050 |
| | | Avklart tenestnivå | 2022 | Innanfor budsjett | Strategi bu- og tenestetilbod pleie og omsorgstenester i takt med framtida. Leanprosjekt, Pleie og omsorgstenester i takt med framtida. |
| | | Avklart ansvarsdeling mellom kommunen og innbyggjarane, mellom anna gjennom å arbeide med serviceerklæringar og med basis i "kommune 3.0-tankegang" | 2022 | Innanfor budsjett | Leanprosjekt Pleie og omsorgstenester i takt med framtida.. Tildelingskriterier for heimebasert teneste og heildøgn institusjon, bukolektiv, psykiatri og rus er på plass. |
| | | Innføre ny struktur innfor oppvekstområdet | Likeverdige tenester for alle brukarar, reduserte kostnader | 2022 | Med eigne ressursar innanfor budsjett |
| | Utvikle omsorgstenester i tråd med samfunnsutviklinga i samspel med brukarane, pårørande og innbyggjarane | Tilpassa tenestetilbod til rett kvalitet til den enkelte brukar, reduserte kostnader | 2022 | Med eigne ressursar innanfor budsjett | Oppstart lean-prosess 2022. Ferdig 2023 |

Hovudmål 3: Giske kommune skal vere ein god næringskommune

| Plan/Vedtak | Mål | Forventa resultat | Når | Økonomisk ramme | Status 2022 |
|--------------------------------------|--|--|------------------------------|---------------------|--|
| Strategisk næringsplan (SNP) 2016-25 | Starte utbygging av Gjøvsund nasjonale fiskerihamn | Starte mudringsarbeid | Fullføre mudringsarbeid 2023 | Stat-/ fylkesfinans | Mudringsarbeidet fullført mars-23. Vidare plan for Gjøvsund hamn og næringsområde vert arbeid med. |
| | Legge til rette for næringsutvikling | Samarbeid med næringsaktørar i Giske kommune | 2022 - 23 | Innanfor budsjett | Under arbeid. |
| Etablerings-satsing | Fleire etablerarar på kurs | Satsing på hoppid-kontoret | 2022 | Innanfor budsjett | Under arbeid. |

| Plan/Vedtak | Mål | Forventa resultat | Når | Økonomisk ramme | Status 2022 |
|-----------------------------|---|---|------|-------------------|---------------|
| Landbruk og viltforvaltning | Betre kunnskap om landbruksnæringa i Giske kommune. | Gjennomført synfaringar og gardsbesøk ved behandling av søknader og spørsmål om areal-forvaltning | 2022 | Innanfor budsjett | Utført. |
| | Omorganisere viltområda | Organisert hjortevalda i eit bestandsplan-område | 2022 | Innanfor budsjett | Under arbeid. |

Hovudmål 4: Giske kommune skal ha eit rikt kulturliv

| Plan/Vedtak | Mål | Forventa resultat | Når | Økonomisk ramme | Status 2022 |
|-------------|---|---|---------------|-------------------|--|
| Kommuneplan | Legge til rette for ein berekraftig frivillig sektor som kan samspele med profesjonelle og kommunen | Ein aktiv kulturkommune | Årleg 2020-23 | Innanfor budsjett | |
| | Bidra til at ungdommen finn sin plass i kommunen ved at dei får delta i og vere med på ulike aktivitetar og fritidstilbod | Arrangere UKM og ulike verkstadsaktivitetar | Årleg 2020-23 | Innanfor budsjett | |
| | Sikre og merke turstiar frå fjell til fjøre, samt ta vare på kulturminne og kulturmiljø | Betre tilrettelagt turområde for alle | 2023 | Innanfor budsjett | I 2022 er Stikk ut skilt set opp i samråd med Friluftsrådet. Kommunen har delteke i planlegging og arbeid knytt til tursti Vigrastova til Blindheimsvika gjennom Frivillegsentralen. |